



MØTEPROTOKOLL

Utval: **Tenesteutval for oppvekst og kultur**

Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**

Dato: **18.10.2017**

Tid: **13.00**

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Per Svein Krøvel	Nestleiar	H
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Edvin Dale	Medlem	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Bodil Brautaset	konsulent barnehage
Einar Opsvik	kulturskulerektor



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 5/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 6/17	Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte
PS 7/17	Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
PS 8/17	Orienteringssaker
PS 9/17	Tiltak mot barnefattigdom
OS 2/17	Vikebygda skule - Møtereferat frå SU 21.09.17

PS 5/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Det var fem møtande ved møtestart.

Innkalling:

Ingen hadde merknad til innkallinga.

Sakliste:

Leiar Rebecca Riise Bjerknes kom med framlegg om ei ekstra sak som omhandlar barnefattigdom i Volda. TOH støttar at saka blir teken opp som PS 9/17

Røysting:

Innkalling og sakliste med ekstra sak PS 9/17 vart samrøystes godkjend.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017

Med handsaming av ei ekstra sak vart innkalling og sakliste godkjend.



VOLDA KOMMUNE

PS 6/17 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017

Møteprotokoll frå førre møte 15.09.2017 vart godkjend.

PS 7/17 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen

Handsaming:

Bodil Brautaset, konsulent ved oppvekstkontoret, orienterte om saka.

Framlegg til nytt pkt. 1 frå Alf Jakobsen, SV:

Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.

Røysting:

Punktvis røysting. Fem røysteføre.

Framlegg til pkt. 1 frå Alf Jakobsen fekk fem røyster og vart vedteke. Adm sitt pkt. 1 fekk ingen røyster.

Pkt. 2 frå adm vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 frå adm vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017 til kommunestyret

- 1. Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.*
- 2. Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.*

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

- 1. Kommunestyret ser behovet for ei strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og ber administrasjonen greie ut nærmare lokalisering og kapasitet på ein ny barnehage i sentrum som erstattar barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.*
- 2. Kommunestyret legg til grunn at det skal vere kommunal barnehagedrift på Lauvstad, Folkestad og Mork også i framtida.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austeffjord barnehage.*

PS 8/17 Orienteringssaker

Handsaming:

Kulturskulerektor Einar Opsvik orienterte om kulturskulen sine ulike aktivitetar. Kulturskulen har fått nye fine lokale i den nye Øyra skule og trivast veldig godt der.

PS 9/17 Tiltak mot barnefattigdom

Handsaming:

Leiar Rebecca Riise Bjerknes kom med framlegg om å ta opp ei sak om barnefattigdom:

Tiltak mot barnefattigdom.

1) Tenesteutval for oppvekst og kultur ber administrasjonen utgreie ei sak på vurdering av å halde barnetrygda utanfor ved utrekning av sosialhjelp til utvalshandsaming i forkant av handsaminga av budsjettet for 2018.

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017

1) Tenesteutval for oppvekst og kultur ber administrasjonen utgreie ei sak på vurdering av å halde barnetrygda utanfor ved utrekning av sosialhjelp til utvalshandsaming i forkant av handsaminga av budsjettet for 2018.

OS 2/17 Vikebygda skule - Møtereferat frå SU 21.09.17

Handsaming:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 18.10.2017

Møtereferat frå SU Vikebygda skule vart teken til vitende.



VOLDA KOMMUNE

Møteslutt kl. 16.00

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
18. oktober 2017

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær